

# Vestlandsrevisjon IKS

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag



Forvaltningsrevisjon | Modalen kommune

## Oppfølging av politiske vedtak Modalen kommune

Oppdrag for kontrollutvalet

VR Rapport nr. 7

2023

## Forord

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av kommunen sitt arbeid og resultat innanfor utvalde tema.

Frå kontrollutvalet i Modalen kommune har Vestlandsrevisjon fått i oppdrag å gjennomføra ein forvaltningsrevisjon knytt til oppfølging av politiske vedtak.

Me har valt å dele rapporten inn i 4 delar:

- System og rutinar
- Møteprotokollar og politiske vedtak
- Iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak
- Kommunikasjon til innbyggjarane

Vedlagt følgjer rapporten.

Vestlandsrevisjon takker kontrollutvalet for oppdraget. Me vil også takke dei involverte i kommunen for godt samarbeid i dette prosjektet.

Arbeidet er utført av Arne Gilbakken og Gudrun Marie Helleve som er tilsette i Vestlandsrevisjon. Revisor sin uavhengigheit er vurdert.

Voss, 14.08.2023

Arne Gilbakken  
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor  
- sign -

## INNHALD

<b>1. Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>2. Innleiing.....</b>	<b>6</b>
2.1 Bakgrunn .....	6
2.2 Formål og problemstillingar .....	6
2.3 Avgrensing .....	6
2.4 Metode.....	7
2.5 Revisjonskriterium .....	8
2.6 Høyring.....	8
<b>3. System og rutinar .....</b>	<b>8</b>
3.1 Revisjonskriterium .....	8
3.2 Data .....	9
3.3 Vurderingar .....	10
3.4 Konklusjon .....	11
<b>4. Møteprotokollar og politiske vedtak.....</b>	<b>11</b>
4.1 Revisjonskriterium .....	11
4.2 Data .....	12
4.3 Vurderingar .....	13
4.4 Konklusjon .....	14
4.5 Tilrådingar .....	14
<b>5. Iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak .....</b>	<b>14</b>
5.1 Revisjonskriterium .....	14
5.2 Data .....	15
5.3 Vurderingar .....	18
5.4 Konklusjon .....	19
5.5 Tilrådingar .....	19
<b>6. Kommunikasjon til innbyggjarane .....</b>	<b>19</b>
6.1 Revisjonskriterium .....	19
6.2 Data .....	20
6.3 Vurderingar .....	21
6.4 Konklusjon .....	21
Vedlegg - Litteraturliste	

# 1. Samandrag

## **System og rutinar**

Revisjonen sin gjennomgang av system og rutinar for lovpålagt internkontroll (Kommunelova § 25-1) for oppfølging og iverksetjing av politiske vedtak, viser at rådmannen har etablert system og kontrollrutine som er tilpassa kommunen sin storleik og aktivitet. Revisjonen meiner at kontrollfunksjonane gir god oversikt og tidleg indikasjon på endringar i risikobilete med omsyn til framdrift og ferdigstilling. Dagens kontrollsystem gir ein god oversikt over status på politiske vedtak. Systemet er også viktig ved framtidig endringar i rådmannsfunksjonen i forhold til å redusera risiko knytt til gjennomføring og oppfølging av historiske vedtak.

Vår konklusjon er at rådmannen sitt kontrollsystem tilfredstillar Kommunelova § 25-1 bokstav B, C og D. Me har ingen informasjon om systemet har vore evaluert eller justert i tråd med bokstav E.

Kommunestyret skal vedta nytt delegasjonsreglement innan utgangen av året etter siste kommuneval. Modalen sitt reglement er todelt og begge deler er oppdatert i tråd med kommunelova sine krav. Når det gjeld delegering til rådmann i del 2 så er dette i tråd med § 5-14 samt § 5-3 og § 5-4.

## **Møteprotokollar og politiske vedtak**

Generelt verkar arbeidsprosessane mellom administrasjon og politikarane til å fungera godt jf. intensjonen i delegasjonsreglementet. Kommunikasjon knytt til politiske saker i forkant av møta ser ut til å gå greitt mellom rådmann, ordførar og medlemmar av politiske utval. Administrasjonen ynskjer at politikarane tek kontakt med administrasjonen i forkant av møta dersom det er trong for meir saksinformasjon. Det gjer det mogleg for administrasjonen å svara ut eventuelle tilleggsspørsmål i møta.

Når spørsmåla fyrst vert stilt i kommunestyremøtet kan det hende at administrasjonen i enkelte saker må be om meir tid, som fører til at enkelte avklaringar kan ta lengre tid enn naudsynt. Dette er eit ansvar som kviler på dei folkevalte om dei ynskjer meir effektive prosessar i sakshandsaminga.

Rutinar er på plass for å sikra at møteprotokollane vert kvalitetssikra av ordførar og gjort tilgjengeleg for publikum via nettsidene til Modalen kommune. Rådmannen og politikarane har fokus på at vedtaka er forståeleg og etterlever gjeldande lovverk etc.

Revisjonen ser at det kan oppstå konkrete oppfølgingsaker i samband med rådmannen si rapportering til politiske utval utan at dette vert ført i den offisielle saksprotokollen. Dette kan vera uheldig i forhold til publikum sin rett til innsyn i den politiske dagsorden. Me viser her til offentleglova § 3 som mellom anna seier: «Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ.» Revisjonen rår til at referatsaker og orienteringssaker som resulterer i at politikarane fylgjer opp med bestillingar til rådmann bør komma fram i møteprotokollen jf. punkt 2.5 i delegeringsreglementet i Modalen. Det vil styrkja den offentlege sakshandsaminga og gjera det mogleg for politikarane å følgje opp bestillingane gjennom møteprotokollen.

## **Iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak**

Rådmannen har etablert faste rutinar for rapportering i kommunestyret og formannskap. Sakslista til politiske møter har faste punkt om referatsaker og orienteringar. Vår gjennomgang av møteprotokollar for kommunestyret sidan sommaren 2019 og fram til utgangen av 2022 viser at rådmann gir fortløpande orientering til politikarane om kva som skjer i kommunen jf. kommunelova § 25-2 om internkontroll og rutinar for rapportering fastlagt i Delegeringsreglementet. Rapportering av status og iverksetjing av politiske vedtak er ein del av rådmann sin internkontroll. Revisjonen har ikkje tilstrekkeleg innsikt i alle saker som er delegert og handsama administrativt til å stadfesta om rådmannen rapporterer alle desse sakene slik bestemminga er i reglementet. Tilbakemelding frå ordførar og varaordførar tyder likevel på at det politiske miljøet er svært nøgd med rapporteringa frå

rådmannen. Rollar og ansvarsdelinga mellom rådmann og politisk leiing verkar tydeleg og dialogen god.

Revisjonen merkar seg at Modalen kommune ikkje har ei særskilt rutine i økonomireglementet som omhandlar rapportering av sluttrekneskap i store investerings saker. Ordførar viser til at rapporteringa i større investeringar skjer som eige sak, medan rådmann viser til at byggeprosjektet knytt til kommunehuset vil bli rapportert i årsrekneskapen/årsmeldinga for 2022. Her avvik den administrative og politiske leiinga i oppfatninga om korleis politikarane vert orientert om rekneskap og ferdigstilling av investeringsprosjekt.

Fordelen med å rapportera sluttrekneskapen i eige sak er at den kan føra til større merksemd blant politikarane i forhold til korleis premissane er innfridd. Eventuelle avvik relatert til planlegging, gjennomføring og budsjett er døme på aktivitetar som kan få større merksemd og diskusjonar i ei eige politisk sak med tanke på læring og planlegging av framtidige prosjekt. Dess betre ein er i stand til å planlegga prosjekt og estimere kostnader, dess betre kan ein leggja til rette i budsjettarbeidet og økonomiplanen med meir. Det vil også gi betre kontroll over finansiering og kva områder som ein bør fokusera på i planleggingsfasane for framtidige tiltak. Revisjonen meiner difor at det kan vera hensiktsmessig å drøfta om ein ynskjer å innføra ei rutine i økonomireglementet knytt til rapportering av prosjektrekneskap. Ved å rapportera i eige sak, kan ein også få redusert tida mellom ferdigstilling av prosjektet og den politiske handsaminga av investeringsprosjekta som no skjer i samband med årsrekneskap og årsmelding.

Me viser elles til skriftlege innspel i spørjeundersøkinga om vedtekne investeringsprosjekt og lovbestemt rullering av handlingsplanar som ikkje er gjennomført som planlagt.

### **Kommunikasjon til innbyggjarane**

Revisjonen meiner administrasjonen i Modalen fylgjer dei normale rutinar og prosedyrane blant norske kommunar for å gjera politiske vedtak tilgjengelege for sine innbyggjarar, jf. offentleglova § 3 og § 10. Politiske møter er normalt opne for publikum. Ut over dette vert politiske vedtak journalført, arkivert og gjort tilgjengeleg via internett på kommunen sine nettsider. Her kan publikum raskt finna fram via heimesida til Modalen kommune. Elles er lokalavisene eit verdifullt supplement for dei som ynskjer å lesa om politiske møter i avisa eller i den elektroniske nettversjonen. Erfaringa er at avisene kan vera meir selektive i kva saker som vert dekt ut frå nyheitsverdien i saka. Med innføring av Kommune-tv vil også strøyming i sann tid eller på førespurnad verta ei real kjelde for informasjon. Dette tilbodet ser førebels ikkje ut til å omfatta møter i andre politiske utval.

Det er viktig å ivareta grupper og enkeltpersonar som kan ha andre føresetnader for å få tilgang til informasjon. Dagens tekniske løysingar kan vera ein hemske for ulike målgrupper. Dette kan vera t.d. eldre personar som ikkje har kunnskap om internett eller personar med nedsett funksjonsevne som ikkje har like god tilgang til informasjon på papir eller standard framstillingsmåte på nettet. Generelt er det viktig at den elektroniske informasjonen er gjort universelt tilgjengeleg og presentert slik at dei kan nytta ulike dataverktøy som er tilpassa brukarane.

### **Tilrådingar**

- ❖ Når kommunestyret og politiske utval gjer vedtak om vidare utgreiing i samband med orienteringssaker/referatsaker, bør rådmannen omtala dette i møteprotokollane. Dette vil styrkje internkontrollen og publikum sitt innsyn i den politiske handsaminga.
- ❖ Rådmann kan vurdere om det er hensiktsmessig å etablere ein skriftleg rutine i økonomireglementet knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Hensikta er mellom anna å stimulera til meir merksemd kring investeringsprosjekt og redusera sakshandsamingstida til politikarane.

## 2. Innleiing

### 2.1 Bakgrunn

Kommunen skal ifølge kommunelova § 24-2 og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 6 og § 7 utføre forvaltningsrevisjon. Det skal sikrast tilsyn med at forvaltninga i kommunen skjer i samsvar med gjeldande retningslinjer og vedtak, og at det skal utførast systematiske vurderingar av bruk og forvaltning av kommunen sine midlar med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet «Oppfølging av politiske vedtak» er tinga av kontrollutvalet i Modalen kommune i sak 35/22. Kontrollutvalet godkjente prosjektplanen i kontrollutvalsmøte 19.10.22 i sak 44/22.

Tema for revisjonen er heimla i vedteken Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 for Modalen kommune.

### 2.2 Formål og problemstillingar

Ansvar for å treffe vedtak på vegne av kommunen er lagt til kommunestyret, medan ansvaret for å iverksetje vedtaka er lagt til kommunedirektøren. Denne forvaltningsrevisjonen har som føremål å sjå nærare på tilhøve som er sentrale for samspelet mellom politisk- og administrativ leiing i høve iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak.

Det vil bli sett på system og rutinar for oppfølging av vedtak for å sjå om desse legg til rette for eit godt samspel mellom politisk- og administrativ leiing. Vidare vil ein sjå på utforminga av møteprotokollar og politiske vedtak samt korleis politisk nivå opplever iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak.

#### **Problemstillingar:**

1. Har Modalen kommune etablert system og rutinar for å sikre iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak?
2. Vert møteprotokoll og politiske vedtak hensiktsmessig utforma i høve til iverksetjing og oppfølging?
3. Korleis opplever politisk nivå iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak?
4. Korleis vert politiske vedtak kommunisert til innbyggjarane?


Problemstilling 4 vart tilføyd i kontrollutvalssak 44/22.

### 2.3 Avgrensing

Revisjonen har avgrensa undersøkinga av politiske vedtak frå sommaren 2019 og ut 2022. Starttidspunktet fylgjer rådmannen si innføring av eige system for politiske vedtak og oppfølging.

## 2.4 Metode

Rapporten er utarbeidd i samsvar med RSK 001 - Standard for forvaltningsrevisjon<sup>1</sup>. Framgangsmåten kan illustrerast av fylgjande modell:



### Intervju/samtalar

Me har hatt oppstartsmøte med rådmann. På møtet deltok i tillegg assisterande rådmann. Det har vore fleire oppfølgingssamtalar med rådmann via telefon og utveksla e-postar kring ulike tema som er omtalt i rapporten. Me har utført intervju med både ordførar og varaordførar via Teams. Referat frå samtalan er verifisert av informantane.

### Dokumentanalyse

Revisjonen har gjennomgått økonomireglement, Reglement for Modalen kommunestyre (vedteke i 2008) samt del 1 og del 2 av delegeringsreglementet frå 2020. Me har gått igjennom alle vedtak frå møteprotokollar i kommunestyret frå sommaren 2019 og ut 2022 og Rådmannen sitt excel-baserte styringssystem for politiske vedtak i kommunestyre og formannskap. Økonomisjef har bidrege med informasjon om oppfølging og status på vedtekne investeringsprosjekt i kommunen.

### Spørjeundersøking

Revisjonen har gjennomført ei spørjeundersøking til medlemmane i kommunestyret inkludert 2 varamedlemmar for kvart av partia i Modalen kommune (totalt 17 personar). Spørjeundersøkinga vart gjennomført via eit webbasert spørjeprogram på internett. Undersøkinga starta 15. mai, og vart avslutta 26. juni. Det vart sendt ut ei puring via spørjesystemet til deltakarane. I tillegg oppfordra rådmann politikarane på møte i formannskapet og kommunestyre å svara på undersøkinga. Statistikken viser at kun fem medlemmar valte å svara på spørjeundersøkinga eller 29%. Grunnlaget er såleis for lågt til å kunna sei noko bestemt om korleis politikarane ser på oppfølging og iverksetjing av politiske vedtak. Nokre konkrete kommentarar har me likevel valt å ta med fordi dei kan gi lesaren meir informasjon om kva synspunkt som er formidla frå informantane som har svart. Spørsmåla til spørjeundersøkinga er lagt ved rapporten.(vedlegg 1)

<sup>1</sup> RSK 001 er fastsatt av Norges Kommunerevisorforbunds styre som god kommunal revisjonsskikk for forvaltningsrevisjonsprosjekt. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipper og standarder som er fastsatt av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute og Internal Auditors (IIA).

## 2.5 Revisjonskriterium

Ein forvaltningsrevisjon skal vurderast etter eit utval av kriterium. Revisjonskriterium skal vera grunna i, eller utreda av autoritative kjelder innan det reviderte området. Dette kan framstillast frå lovverk, politiske vedtak og føringar, administrative retningslinjer og anerkjent teori på området.

Fakta grunnlaget blir målt opp mot kriterium, og er utgangspunkt for dei analyser og vurderingar som revisjonen gjer. Resultatet gir grunnlaget for konklusjonar og tilrådingar som me har utarbeida.

Det grunnleggjande revisjonskriterium for rapporten er kommunelova § 13-1. Revisjonskriterium vert omtalt nærare under kvart kapittel.

## 2.6 Høyring

Rådmannen har hatt utkast til rapport på høyring. Rådmannen sin uttale ligg ved som vedlegg 2.

# 3. System og rutinar

**Problemstilling:**

**Har Modalen kommune etablert system og rutinar for å sikre iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak?**

## 3.1 Revisjonskriterium

➤ **Kommunelova:**

### § 25-1. Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- b. ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c. avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d. dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e. evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.



### **§ 5-3. Kommunestyre og fylkesting. Intern delegering**

Kommunestyret er det øverste organet i kommunen, og fylkestinget er det øverste organet i fylkeskommunen.

Kommunestyret treffer vedtak på vegne av kommunen, og fylkestinget treffer vedtak på vegne av fylkeskommunen, hvis ikke noe annet følger av lov.

Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere myndighet til å treffe vedtak til andre folkevalgte organer, ordføreren eller kommunedirektøren innenfor rammene av denne loven eller annen lov.

### **§ 5-4. Kommunestyrets og fylkestingets adgang til å delegerer vedtaksmyndighet til andre rettssubjekter**

For saker som gjelder lovpålagte oppgaver, kan kommunestyret og fylkestinget delegerer myndigheten til å treffe vedtak til andre rettssubjekter så langt lovgivningen åpner for det.

For andre saker kan kommunestyret og fylkestinget delegerer myndighet til å treffe vedtak til andre rettssubjekter hvis saken ikke har prinsipiell betydning.

### **§ 5-14. Reglement for delegering og innstilling**

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.

## **3.2 Data**

Kommunestyret i Modalen består av 13 representantar frå partia Solrenningslista og Samlingslista. Ordførar og varaordførar representerer kvar sitt parti. Noverande rådmann har leia kommunen sidan 2017. Det har vore fleire drøftingar i kontrollutvalet for å finna fram til eit tema som ein meinte det kunne vera formålstenleg å få ein revisjon på. Kommuneleiinga kjenner ikkje til at det eksisterer noko særskilt risikogrunnlag for at oppfølging av politiske vedtak er prioritert som forvaltningsrevisjon. Revisjonen har sett nærare på politiske styringsdokument som delegasjonsreglement del 1 og del 2 frå 2020, økonomireglement, politiske vedtak og anna relevant dokumentasjon frå inneverande valbolk.

Rådmannen har opplyst at det ikkje eksisterte noko eige system eller skriftlege rutinar for administrativ oppfølging av politiske vedtak då han byrja i jobben. Han har utvikla eit eige system for oppfølging og iverksetjing av politiske vedtak basert på bruk av excel. Styringssystemet er enkelt, men funksjonelt og tilpassa aktivitetane i ein mindre kommune som Modalen, meiner han. Systemet er todelt med eit skjema for alle saker som er handsama innanfor same kalenderår og eit som omfattar saker som skal handsamast politisk i åra som kjem.

Det fyrste dokumentet inneheld informasjon om sak, vedtak, møtedato, ansvar for oppfylging, fristar, status, eventuelt repetisjon og ferdigstilling.

Det andre skjemaet har liknande inndeling, men inneheld politiske saker som ein veit er gjenstand for årleg sakshandsaming og revisjonar eller at administrasjonen skal leggja fram ei sak på eit seinare tidspunkt. Dokumentanalysen viser at noverande versjon dekkjer iverksetjing og oppfylging av kjente politiske saker og vedtak fram til og med 2030. Rådmannen har ein rutine på å overføra eventuelle

politiske saker frå det årsbestemte skjemaet til det andre skjemaet for saker som ikkje har vorte ferdig handsama ved utgangen av kalenderåret. Eksempel på saker med lengre perspektiv er mellom anna rullering av kommuneplanen, sal av konsesjonskraft og lovpålagde oppgåver som ruspolitisk handlingsplan. Rådmannen har brukt mykje tid i starten på arbeidsforholdet for å gå igjennom eldre protokollar for å kartlegga politiske vedtak som krov oppfølging etter at han overtok som rådmann. Desse sakene vart også innarbeida i styringssystemet for å sikra at eldre vedtak også vart følgt opp.

Han forklarar at begge skjema har fargekodar som viser status i dei ulike sakene slik at ein kan lett skilje mellom saker som er ferdig handsama, under arbeid eller ikkje påbegynt. Systemet gir ein god oversikt og kontroll i forhold til iverksetjing av saksutgreiing og tidspunkt for politisk handsaming. Skjemaa vart også brukt som ei påminning i budsjettarbeidet opplyser han til revisjonen.

Styringsdokumentet har vore i bruk sidan 2019. Rådmann opplever at skjemaet gir god kontroll på status og framdrift i dei politiske vedtaka.

Revisjonen har kontrollert kommunen sitt reglement for politisk og administrativ delegering. Reglementet består av to deler. Del 1 (subdelegering) og del 2 som omfattar m.a. delegering til politiske utval, ordførar og rådmann. I delegeringa til rådmann står det mellom anna:

#### **Delegering til rådmannen:**

- Kommunestyret delegerer frå politisk nivå til rådmannen gjennom dette delegeringsreglementet. Rådmannen kan interndelegere (subdelegere) vidare i det administrative systemet.
- Innstille i alle saker med unntak av økonomiplan, årsbudsjett eller der framlegg og innstillingsrett er avgrensa ved lov.
- Framleggsrett i møta i same utstrekning som innstillingsretten.
- Ikkje-prinsipielle saker som er fagleg prega og som følgjer av lov, føresegner/regelverk og kommunen sine eigne plan- og rettlivevtak, og som ut ifrå dette har liten grad av skjøn ved seg. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover budsjettammene.
- Ved eventuell tvil skal rådmannen leggje saka eller sakstypar fram for det aktuelle politiske organ for avgjerd.

Rådmann har opplyst at det er delegert til sakshandsamar å sende ut vedtaka når dette gjeld private og andre offentlege mottakarar utanfor kommunehuset. Vedtak knytt til Næringsfondet er eksempel på politiske vedtak der resultatet skal formidlast vidare til søkjar.

Ordførar syner til at det er ein svært god tone mellom politikarane og administrasjonen i Modalen kommune. Han er kjent med at rådmannen har etablert eit system og rutinar for å sikra iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak i førre kommunestyreperiode. Ordførar er ikkje kjent med detaljar i systemet, men opplever at rådmannen har god kontroll og leverer i tråd med vedtak. Han har også fått fleire tilbakemeldingar frå andre medlemmer i kommunestyret om at dei er nøgd med arbeidet til administrasjonen. Ordførar er fornøgd med at kontrollutvalet følgjer opp den kommunale forvaltninga og samarbeidet med politikarane. Det er nyttig å få stadfesta det som fungerer godt og eventuelt justera forhold som kan bli betre seier han til revisjonen.

I intervju med revisjonen opplyser varaordførar at ho ikkje kjenner i detalj til kva system og rutinar rådmannen nyttar for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak. Ho er generelt godt nøgd med korleis administrasjonen fylgjer opp politiske vedtak stadfesta også ho til revisjonen.

### **3.3 Vurderingar**

Revisjonen sin gjennomgang av system og rutinar for lovpålagt internkontroll (Kommunelova § 25-1) for oppfølging og iverksetjing av politiske vedtak, viser at rådmannen har etablert systematisk kontroll

som er tilpassa kommunen sin storleik og aktivitet. Revisjonen meiner at kontrollfunksjonane i excel gir god oversikt og tidleg indikasjon på endringar i risikobilete med omsyn til framdrift og ferdigstilling. Dagens kontrollsystem gir ein god oversikt over status på politiske vedtak. Dette er også viktig ved framtidig endring av rådmannsfunksjonen i forhold til å redusera risiko knytt til gjennomføring av historiske vedtak.

Vår konklusjon er at rådmannen sitt kontrollsystem tilfredstillar Kommuneleva § 25-1 bokstav B, C og D. Me har ingen informasjon om systemet har vore evaluert eller justert i tråd med bokstav E.

Kommunestyret skal vedta nytt delegasjonsreglement innan utgangen av året etter siste kommuneval. Gjeldande delegasjonsreglement er i tråd med § 5-14 i kommunelova.

Når det gjeld delegering til rådmann i del 2 så er dette i tråd med § 5-14 samt § 5-3 og § 5-4. Dette betyr at rådmannen sin oppfølging og iverksetjing av politiske vedtak er formelt heimla i del 2 av delegasjonsreglementet. Kommunestyret bør syta for at både del 1 og del 2 av delegasjonsreglementet vert oppdatert og vedteke etter kommunevalet i 2023.

### 3.4 Konklusjon

Rådmannen har etablert eit velfungerande kontrollsystem for oppfølging og iverksetjing av politiske vedtak som er tilpassa kommunen sin storleik og aktivitet. Delegering av politiske vedtak er gjort i tråd med § 5-14.

## 4. Møteprotokollar og politiske vedtak

### **Problemstilling:**

**Vert møteprotokoll og politiske vedtak hensiktsmessig utforma i høve til iverksetjing og oppfølging?**

### 4.1 Revisjonskriterium

#### ➤ **Offentleglova**

#### **Kapittel 2. Hovudreglane om innsyn**

#### *§ 3.Hovudregel*

Saksdokument, journalar og liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ.

#### ➤ **Del 2 av Delegeringsreglement 2020 – Modalen kommune**

## Målsetting

«Delegeringsreglementet legg vekt på følgjande:

- Leggje til rette for gode og effektive arbeidsordningar og vedtaksprosessar etter avtale med kommunestyret.»

## 2.5. Saksbehandling

«Alle saker og vedtak skal først i det kommunale saksbehandlingssystemet. Alle vedtak skal underskrivast av bemyndiga person, iht. vedtaksmyndet og ansvar for særlover.»

## 4.2 Data

Rådmannen fortel at den nye kommunelova har klargjort at kommunestyret bestiller via vedtak. Dette fungerer normalt greitt i dei fleste politiske saker. Erfaringa viser likevel at det kan koma ymse innspel og førespurnader i samband med orienteringssaker til formannskap og kommunestyre. Då kan det hende at administrasjonen treng meir tid til å få undersøkt forholdet før ein kan svara politikarane. Han fortel til revisjonen at ordførar har gjeve tilbakemelding om at politikarane er godt nøgd med korleis administrasjonen fylgjer opp slike førespurnadar.

Sjølv ser han at det kan vera ei utfordring at slike førespurnadar ikkje vert gjort som eit konkret bestillingsvedtak. Resultatet er at drøftinga og førespurnadane ikkje blir protokollført på linje med ordinære saker som politikarane handsamar. I praksis noterer administrasjonen seg spørsmåla som vert stilt i formannskap og kommunestyret i eit notat for internt bruk. Rådmann og administrasjonen brukar denne informasjonen for å avstemma kva handlingar administrasjonen må utføra for å kunna svara på førespurnaden. Rådmannen meiner det kan vera ei utfordring at denne framgangsmåten ikkje sikrar tilstrekkeleg innsyn og kontroll for dei som ynskjer dette.

Av og til ber politikarane rådmannen om meir informasjon eller eit konkret tiltak etter ei orientering. Ordførar visar til at det kom opp ei orienteringssak nyleg, der kommunestyret gjorde eit konkret vedtak. Han fortel at vedtaket ikkje vart dokumentert i møteprotokollen og slit med å gjenfortelja til revisjonen kva saka dreia seg om. Handtering av bestillingar i orienteringssaker er eit område som bør drøftast i forhold til å synleggjera «aksjonane» i møteprotokollen seier han til revisjonen. Varaordførar støttar dette og seier at «dette er noko som politikarane har eit ansvar for i forhold til godkjenning av møteprotokollane.»

Rådmannen opplever at formannskapet og kommunestyret er flinke til å rådslå og kvalitetssikra egne forslag til vedtak med administrasjonen i forkant av avstemmingar. Dette sikrar at både den politiske og administrative leiinga har felles forståing av innhaldet i vedtaka. Det sikrar også at nye forslag i ei sak vert forstått av administrasjonen. Dersom forslag vert sendt inn frå politikarar via ACOS sin møteportal, vil administrasjonen kunne lesa og vurdere forslaget før votering, legg han til. Rådmannen si erfaring er at det er få endringar som kjem i samband med handsaming av kommunebudsjettet. Endringar i investeringsbudsjettet med omprioritering, nyinvestering eller sletting av planlagde investeringar kan førekomma. Skulle det vera forhold som er uklårt i forhold til tolking av vedtak tek han dette opp med ordføraren stadfestar han til revisjonen.

Ordførar er godt nøgd med korleis protokollar er utforma med politiske drøftingar og vedtak. Han får i regelen utkast til protokoll frå formannskapsmøte og kommunestyremøta dagen etter møtet for kvalitetssikring. Det er få saker der politikarane rettar på protokollane etter møte i kommunestyret. Han opplever at rettingane kan vera av språkleg karakter like gjerne som innhaldet dei få gongene det

vert gjort korrigeringar. Strukturen i protokollane er bygd på sakslista for møtet og gir ein god og detaljert oversikt over kva som har vore handsama.

Av og til diskuterer kommunestyret innhaldet i forslag til vedtak med rådmannen for å forsikra seg at vedtaket er forståeleg og kan iverksetjast. Ordføraren erfarer at rådmannen er oppteken av det beste for lokalsamfunnet og fylgjer dei vedtak som politikarane har bestemt.

Ordførar peikar på at det er ynskjeleg at politikarane i kommunestyret og formannskapet sender sine spørsmål til kommuneleiinga i forkant av møta. Det gjer det mogleg for rådmann eller ordførar å skaffa fram informasjonen og gi svar direkte i møtet. På den måten kan ein unngå at fleire spørsmål må fylgjast opp i seinare møter.

Revisjonen har lest møteprotokollane til kommunestyret frå sommaren 2019 og ut 2022. Møteprotokollane fylgjer ein felles mal der sakslista er utgangspunktet for informasjon som er nedteikna om drøftingar og vedtak. Saker som innkalling, sakslista, godkjenning av møteprotokoll, referatsaker og orienteringssaker ser ut til å vera faste postar i protokollen. I tillegg kjem dei politiske sakene som er handsama i møta. Gjennomgangen viser kun to korreksjonar i møteprotokollane knytt til politiske vedtak i denne valperioden. Endringane er språklege justeringar meir enn ei presisering av vedtaka. Revisjonen har derimot ikkje nokon oversikt over kor mange orienteringssaker som krov oppfølging frå rådmannen i denne valbolken.

Oppsummert viser tabellen nedanfor ein kort oversikt over tal politiske saker handsama av kommunestyret i perioden:

	<b>Tal saker</b>
<b>2022</b>	<b>55</b>
<b>2021</b>	<b>59</b>
<b>2020</b>	<b>65</b>
<b>2019</b>	<b>77</b>

#### 4.3 Vurderingar

Generelt verkar arbeidsprosessane mellom administrasjon og politikarane til å fungera godt jf. intensjonen i Delegasjonsreglementet. Kommunikasjon knytt til politiske saker i forkant av møta ser ut til å gå greitt mellom rådmann, ordførar og medlemmar av politiske utval. Det kan dukka opp enkelte spørsmål frå politikarane i møte som rådmannen gjerne skulle fått stilt i forkant slik at administrasjonen fekk tid til å greia ut svara til møtet. I staden må administrasjonen i enkelte saker be om meir tid, som fører til at enkelte avklaringar kan ta lengre tid enn naudsynt. Ved å kontakta rådmann i forkant om forhold ein ynskjer å vita meir om i ei sak eller få avklaringar i samband med sakshandsaminga, kan dei politiske prosessane gå endå raskare. Dette er eit ansvar som kviler på dei folkevalde om dei ynskjer effektive prosessar i sakshandsaminga.

Rutinar er også på plass for å sikra at møteprotokollane vert raskt kvalitetssikra av ordførar og gjort tilgjengeleg for publikum via nettsidene til Modalen kommune. Rådmannen og politikarane har fokus på at vedtaka er forståeleg og etterlever gjeldande lovverk etc.

Revisjonen ser at det kan oppstå konkrete oppfølgingsaker i samband med rådmannen si rapportering til politiske utval utan at dette vert ført i den offisielle saksprotokollen. Dette kan vera uheldig i forhold til publikum sin rett til innsyn i den politiske dagsorden. Me viser her til offentleglova § 3 som mellom anna seier: «Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ.» Revisjonen rår til at referatsaker og orienteringssaker som resulterer i at politikarane fylgjer opp med bestillingar til rådmann bør komma fram i møteprotokollen jf. punkt 2.5 i

delegeringsreglementet i Modalen. Det vil styrkja den offentlege sakshandsaminga og gjera det mogleg for politikarane å følgje opp bestillingane gjennom møteprotokollen.

#### 4.4 Konklusjon

Rådmann og dei politiske utvala ser ut til å ha gode prosessar knytt til sakshandsaming og kvalitetssikring av vedtak og iverksetjing. Enkelte referat/orienteringar bør likevel gjerast om til ei sak som vert omtalt i møteprotokollen. Dette kan vera aktuelt når politikarane stiller spørsmål som krev tid for administrasjonen å greia ut eller når politikarane ber om ei utvida sak frå rådmann knytt til orienteringa. Dette gir betre innsyn for publikum og styrkjer politikarar si evne til å ha kontroll på kva som er tinga eller vedteke.

#### 4.5 Tilrådingar

- ❖ Når kommunestyret og politiske utval gjer vedtak om vidare utgreiing i samband med orienteringssaker/referatsaker, bør rådmannen omtala dette i møteprotokollane. Dette vil styrkje internkontrollen og publikum sitt innsyn i den politiske handsaminga.

## 5. Iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak

**Problemstilling:**  
**Korleis opplever politisk nivå iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak?**

### 5.1 Revisjonskriterium

#### ➤ **Kommuneloven:**

##### § 25-2. *Rapportering til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og statlig tilsyn*

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.

#### ➤ **Del 2 av Delegeringsreglement 2020 – Modalen kommune**

##### **Målsetting**

«Kommunestyret føreset at arbeidet vil bli utført i ein atmosfære prega av openheit, gjensidig tillit og effektivitet kor delegeringa vert fulgt opp av løpande dialog.

Delegeringsreglementet legg vekt på følgjande:

- Lage gode rutinar for rapportering og utøving av mynde.»

## Rammer for delegering frå utval til administrasjon

... «Rådmannen skal rapportere til kommunestyret. I prinsippet skal alle vedtak som er fatta på bakgrunn av delegert mynde rapporterast.»...

### 5.2 Data

Rådmann opplyser at administrasjonen gir generelt mange munnlege orienteringar til politikarane i formannskap og kommunestyre. Modalen kommune har ikkje vedteke eigne rutinar for rapportering og politisk handsaming av prosjektrekneskap knytt til større investeringsprosjekt. I fylgje rådmann har kommunen i regelen få store investeringsprosjekt som det nye kommunehuset. Han opplyser at årsrekneskapen omtalar investeringar og oppfølging av andre politiske vedtak på eit overordna nivå. I tertialrapportane rapporterer ein på viktige nøkkeltal i drifta som økonomi, sjukefråvær og liknande. Rådmannen har ikkje fått innspel frå kommunestyret om at ein ynskjer endringar i politisk handsaming av investeringsprosjekt.

Enkelte kommunar har ekstra fokus på kor vidt dei økonomiske og planmessige forutsetningane i investeringsprosjekt er til stades. Fleire av kommunane som revisjonen har som kundar praktiserer at prosjektrekneskapen i større investeringar vert lagt fram som eigne politiske saker. Eksempelvis stod det fylgjande i økonomireglementet til tidlegare Jondal kommune:

«Sluttrekneskap på avslutta investeringsprosjekt vert avlagt maksimum 3 månader etter at prosjektet er teke i bruk. Dette vert lagt fram for kommunestyret i eigne saker, i forbindelse med tertialrapportering på investeringar eller mindre prosjekt som vert avrekna i forbindelse med årsavslutning på rekneskapen. Kommunestyret vedtek disponeringa av eventuelt overskot på avslutta prosjekt og ubrukte lånemidlar kan berre nyttast til investeringsføremål eller nedbetaling av gjeld.»

Økonomisjefen i Ulvik herad fortel at administrasjonen deira også legg fram prosjektrekneskapen som eige sak til politisk handsaming. Aktuelle investeringsprosjekt kan vera VA-anlegg, fleirbrukshall, ny sjukeheim, barnehage, skule, kommunale bustader m.m.

Ordførar i Modalen opplever at politikarane er svært nøgd med administrasjonen si oppfølging og iverksetjing av vedtak. Administrasjonen er flinke til å orientera politikarane om status på politiske vedtak. I regelen svarer dei direkte i møta om politikarane stiller spørsmål i ei sak. Dei opplyser både om framdrift og ferdigstilte saker, men også når det er problem å få gjennomført enkelte vedtak til dømes når økonomi, manglande kompetanse eller personressursar påverkar arbeidet. Han opplever at administrasjonen er open og ærleg i dialogen med politikarane og verkar å ha god kontroll. Økonomiske forhold knytt til budsjett og drift vert rapportert i eigne saker i kommunestyret t.d. tertialrapportering. Investeringsprosjekt vert rapportert som eigne saker i kommunestyret. Dei fleste andre sakene vert rapportert munnleg frå rådmannen som til dømes arbeidet med omregulering av ei bustadtomt til eit bygg med fleire bueiningar.

Sjølv er han godt nøgd med informasjonen som han får frå administrasjonen. Kan hende flyt informasjonen lettare mellom ordførar og administrasjonen sidan ein er i kontakt regelmessig medan andre kommunestyrerepresentantar ofte får mindre tid til å setja seg inn i sakene før møte i formannskap og kommunestyre. Det er likevel ei forventning at representantane skal setja seg tilstrekkeleg inn i sakene ein handsamar og viser til at ein kan kontakta kommuneleiinga i forkant av den politiske handsaminga for å avklara eventuelle spørsmål avsluttar ordføraren.

Varaordførar seier ho er nøgd med korleis dei politiske drøftingane og vedtaka er omtalt i møteprotokollane. Mange saker vert iverksett raskt som etablering av ny brannstasjon. Enkelte gonger lurar ho likevel på kva som skjer i oppfølginga av enkelte saker når det går uforholdsmessig lang tid før politikarane får tilbakemelding i ei sak. Eksempelvis vart det stilt spørsmål om sluttrekneskapen for kommunehuset i samband med at rådmann orienterte om byggeprosjektet ei tid tilbake.

Rådmannen forklarte årsaka til at ein ikkje kunne ferdigstillast rekneskapen på grunn av fleire uavklarte prosessar. Det vart vist til mellom anna befaringar og reklamasjon. Så langt har det ikkje komme noko meir informasjon til kommunestyret om økonomien i prosjektet, fortel ho til revisjonen. Revisjonen har følgd opp saka med rådmannen som opplyser at økonomiske forhold knytt til byggesaka vart avslutta ved utgangen av 2022. Det har såleis vore uråd å rapportera sluttresultatet før prosjektet var oppgjort. Etter planen vil prosjektrekneskapen for kommunehuset bli lagt fram som del av årsrekneskapen for 2022 til Modalen kommune stadfesta rådmannen.

I ei anna sak vart det gjort vedtak om at dei lønnspolitiske retningslinene skulle reviderast i løpet av 2022. Dette vart ikkje gjennomført i tråd med politisk ynskje. På førespurnad til administrasjonen fekk me vite at ein fyrst måtte handtera ekstraordinært tiltak retta mot rekruttering av sjukepleiarar før dei lønnspolitiske retningslinene kunne ferdigstillast, fortalte varaordførar til revisjonen. Rådmann stadfestar at spørsmål knytt til rekruttering og lønn for sjukepleiarar må vera avklart før ein kan leggja fram saka for politisk handsaming. I tillegg krev saka medverknad frå dei hovudtillitsvalte og handsaming i administrasjonsutvalet før ho kan leggast fram for politisk handsaming. Rådmann har opplyst til revisjonen at saka om lønnspolitisk handlingsplan skal handsamast av kommunestyret våren 2023.

Varaordførar fortel vidare at det normalt er rådmann, assisterande rådmann og teknisk sjef som gir orienteringar på formannskapsmøta og i kommunestyremøta. Det er elles god kontakt med rådmann slik at det er uproblematisk for politikarane å ta kontakt om ein ynskjer å få meir informasjon eller drøfta ei sak.

Revisjonen har undersøkt investeringsbudsjettet for 2021 og 2022 med tanke på avvik i gjennomføring. Den viser nokre avvik som økonomisjefen har forklart til revisjonen:

**I 2021** vart følgjande prosjekt med budsjettløyvingar ikkje gjennomført:

Ventilasjonsanlegg Modalstunet

- Løyvd kr 500 000 i opprinneleg budsjett
- Nedjustert til kr 100 000 i sak 042/2021
  - Restbeløpet var nok tenkt til planlegging, forarbeid mv, men det pålaup ikkje noko utgifter dette året likevel.
  - Prosjektet har helde fram, men med utsetjingar
  - Stor løyving og tilleggsløyving 2023 gjev no samla løyving kr 2,4 mill i 2023.

Oppgradering uteområde Mo skule

- Løyvd kr 500 000 i opprinneleg budsjett
- Sein oppstart og framdrift. Vart ikkje budsjettregulert 2021.
- Løyvingane vart teke inn på ny i budsjettjustering for 2022. KS-sak 028/2022.

**I 2022** vart følgjande prosjekt med budsjettløyvingar ikkje gjennomført:

VA-tiltak av investeringsmessig karakter

- Løyvd kr 400 000 i opprinneleg budsjett
- Nedjustert til kr 100 000 i sak 043/2022.
- Restbeløpet var tiltenkt utgifter til eit tiltak der utgiftene vart flytta til driftrekneskapen, og såleis ikkje nytta.



Ras Nottveit

- Løyvd kr 0 i opprinneleg budsjett
- Justert til kr 200 000 i sak 028/22.

Utgiftene vart flytta til drift, og løyvinga såleis ikkje nytta.

Grunna den låge responsen på spørjeundersøkinga har me valt å ikkje nytta resultatet som ein del av faktagrunnlaget i denne revisjonen. Me har likevel valt å ta med konkrete innspel som vart formidla av politikarane som responderte på undersøkinga. *(svara står i kursiv)*

### Spørsmål og kommentarar

#### 1. I kva grad har du forventningar til at administrasjonen iverkset politiske vedtak når:

##### a) Det er mangel på ressursar i administrasjonen

- *Administrasjonen iverkset politiske vedtak så godt det let seg gjere.*
- *Det er ei utfordring at organisasjonen er liten.*

##### b) Det er mangel på kompetanse i administrasjonen

- *Det er eit pluss at kompetansen er god og effektiv.*

##### c) Det er økonomisk usikkerheit i prosjektet

##### d) Det oppstår nye alternativ/løysingar undervegs

- *Vedtak skal så langt det lar seg gjøre prioriteres i sin rekkefølge eller spilles tilbake til politikarane om ny informasjon, alternative løysingar, endring i kompetanse eller akutte behov oppstår.*

##### e) Det vert gjort vedtak om omdisponering av midlar som påverkar andre tiltak

##### f) Det oppstår andre akutte behov

- *Jeg ser det som svært viktig med en god informasjonsflyt mellom politikere og administrasjon når det gjelder prioriteringer av vedtak, dette er det mye politikk i.*

#### 2. Kjenner du til om det eksisterer politiske vedtak i inneverande valperiode som ikkje er iverksett?

##### a. Kva sak?

- *Enkelte investeringar, som td. pergola i barnehagen, men dette er blitt tatt opp på ny med kommunestyret og gjort vedtak på.*
- *Har i fleire budsjett vedteke nytt ventilasjonsanlegg Modalstunet. Har i tillegg bedt om at det skal prioriterast. I 2023 ser det ut til at ein kan komma i gang.*

#### 4. Kjenner du til avvik knytt til rullering og oppdatering av kommunale handlingsplanar i inneverande valperiode? JA/NEI

##### a. Dersom ja: Kva plan ?

- *Arbeid med strategisk næringsplan er forseinka men er planlagt lagt fram for kommunestyret denne valperioden.*
- *Arealplanen, men i forrige periode*

##### b. Korleis har administrasjonen rapportert om dette ?

- Rapportert munnleg til kommunestyret undervegs

**5. I kva grad meiner du at folkevalte har ein prosess med administrasjonen kring prioritering av politiske vedtak i forhold til:**

- Rekkjefylgje av iverksetting
- Økonomi
- Kapasitet
- Kompetanse
- Konsekvensar

- *Viktig at ein prioriterer i rekkefylgje, slik at prosjektet ikkje blir med i fleire budsjett. Som nevnt over ser jeg det som svært viktig at vedtak gjennomføres i sin rekkefølge så langt dette er hensiktsmessig og gjennomførbart. Dette kan også gå frem av selve saken eller i vedtaket.*

**9. Korleis ynskjer du at administrasjonen rapporterer status på politiske vedtak ?**

- *Informasjonen må være lett å finne, oversiktlig og den må kunne settes i sammenheng med de aktuelle sakene.*
- *Kommunestyret/formannskap får orientering om status i ulike saker når ein spør om det.*

**10. I kva grad er du nøgd med rådmannen si tilbakemelding og oppfølging når politikarane etterspør informasjon knytt til referatsaker og orienteringar?**

- *Det pleier å vera veldig bra. Politikarane kan gjerne vere flinkare til å sende inn spørsmål på førehand dersom dei ynskjer status på saker. Då kan administrasjonen førebu eit utdjupa svar.*
- *Rådmannen har god oversikt*

### 5.3 Vurderingar

Rådmannen har etablert faste rutinar for rapportering i kommunestyret og formannskap. Sakslista til politiske møter har faste punkt om referatsaker og orienteringar. Vår gjennomgang av møteprotokollar for kommunestyret sidan sommaren 2019 og fram til utgangen av 2022 viser at rådmann gir fortløpande orientering til politikarane om kva som skjer i kommunen jf. kommunelova § 25-2 om internkontroll og rutinar for rapportering fastlagt i delegeringsreglementet. Rapportering av status og iverksetjing av politiske vedtak er ein del av rådmann sin internkontroll. Revisjonen har ikkje tilstrekkeleg innsikt i alle saker som er delegert og handsama administrativt til å stadfesta om rådmannen faktisk rapporterer alle desse sakene slik bestemminga er i reglementet. Dette er heller ikkje ei aktuell problemstilling i denne revisjonen. Tilbakemelding frå ordførar og varaordførar tyder likevel på at det politiske miljøet er svært nøgd med rapporteringa frå rådmannen. Rollar og ansvarsdelinga mellom rådmann og politisk leiing verkar tydeleg og dialogen god.

Revisjonen merkar seg at Modalen kommune ikkje har ei særskilt rutine i økonomireglementet som omhandlar rapportering av sluttrekneskap i store investeringssaker. Ordførar viser til at rapporteringa i større investeringar skjer som eige sak, medan rådmann viser til at byggeprosjektet knytt til kommunehuset vil bli rapportert i årsrekneskapen/årsmeldinga for 2022. Her avviker den administrative og politiske leiinga i oppfatninga om korleis politikarane vert orientert om rekneskap og ferdigstilling av investeringsprosjekt.

Fordelen med å rapportera sluttrekneskapen i eige sak er at den kan føra til større merksemd blant politikarane i forhold til korleis premissane er innfridd. Eventuelle avvik relatert til planlegging, gjennomføring og budsjett er døme på aktivitetar som kan få større merksemd og diskusjonar i ei eige politisk sak med tanke på læring og planlegging av framtidige prosjekt. Dess betre ein er i stand til å planlegga prosjekt og estimere kostnader, dess betre kan ein leggja til rette i budsjettarbeidet og økonomiplanen med meir. Det vil også gi betre kontroll over finansiering og kva områder som ein bør

fokusera på i planleggingsfasane for framtidige tiltak. Revisjonen meiner difor at det kan vera hensiktsmessig å drøfta om ein ynskjer å innføra ein rutine i økonomireglementet knytt til rapportering av prosjektrekneskap. Ved å rapportera via eige sak om sluttrekneskapen, kan ein også få redusert tida mellom ferdigstilling av prosjektet og den politiske handsaminga av investeringsprosjekta i staden for å venta til handsaming av årsrekneskapen.

Nokre investeringsprosjekt er ikkje følgt opp i tråd med opphavelig budsjettvedtak. I regelen er utsetting av desse tiltaka vorte handsama politisk som budsjettjusteringar i løpet av året.

Me viser elles til skriftlege innspel i spørjeundersøkinga om prosjekt og politiske vedtak og revisjon av politiske handlingsplanar heimla i lovkrav som ikkje er gjennomført.

## 5.4 Konklusjon

Rådmannen har gode rutinar for munnleg rapportering om status og framdrift i politiske saker. Modalen har ikkje noko skriftleg rutine i økonomireglementet knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Tilbakemelding frå rådmann og ordførar viser at det er ulik oppfatning om korleis sluttrapporteringa med rekneskap skjer i investeringsprosjekt.

## 5.5 Tilrådingar

- ❖ Rådmann kan vurdere om det er hensiktsmessig å etablera ein skriftleg rutine i økonomireglementet knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Hensikta er mellom anna å stimulera til meir merksemd kring investeringsprosjekt og redusera sakshandsamingstida til politikarane.

# 6. Kommunikasjon til innbyggjarane

**Problemstilling:**  
**Korleis vert politiske vedtak kommunisert til innbyggjarane?**

## 6.1 Revisjonskriterium

### ➤ Offentleglova

#### § 3.Hovudregel

Saksdokument, journalar og liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ.

#### § 10.Plikt til å føre journal. Tilgjengeleggjering av journalar og dokument på Internett

Organet skal føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter.

Kongen kan gi forskrift om at organ som fører elektronisk journal, skal gjere han allment tilgjengeleg på Internett, og om korleis det skal gjerast.

## ➤ Del 2 av DELEGERINGSREGLEMENT 2020 – MODALEN KOMMUNE

... Delegeringsreglementet legg vekt på følgjande:

- Ivareta likskap og rettar for publikum.

### 6.2 Data

Rådmannen opplyser at generelt vert innkalling og sakspapir lagt ut på kommunen sine nettsider i forkant av møta i formannskapet og kommunestyret. Her vil også referatsaker og notat knytt til orienteringar vera tilgjengeleg. Normalt vil det gå ein til to dagar etter eit politisk møte før møteprotokollen vert lagt ut på heimesida.

I fylgje rådmann dekker Avisa-Hordaland og Vaksdalsposten stort sett alle politiske møter i Modalen. Det er likevel ikkje alle sakene som vert dekt like bra i media uttalar ordføraren. I enkelte saker publiserer også kommunen eigen informasjon på heimesida og på kommunen si Facebook side, stadfesta rådmann på oppstartsmøte. I enkelte høve vil også interessegrupper eller privatpersonar bli tilsendt dokumentasjon og vedtak i ei sak som er politisk handsama. Det er ikkje etablert rutinar i kommunen for publisering ut over det som vert gjort under den politiske fana på heimesida. I samband med bygging av nytt kommunehus er det kjøpt inn teknisk utstyr til streaming av politiske møter, opplyser rådmannen til revisjonen. Han fortel at eit fleirtal av politikarane har bestemt at streaming av kommunestyremøte skal starta opp frå sommaren 2023. Tiltaket vil gjera møta meir tilgjengeleg for andre som ikkje kan fylgje møta direkte, seier ordføraren. Det har vore ytra skepsis til at streaming vil føra til mindre politisk debatt som fylgje av at enkelte politikarar vil vera meir reservert i eit ordskifte når ordvekslinga vert tilgjengeleg via internett, fortalte rådmannen til revisjonen.

Ordføraren meiner det er viktig å få fram drøftingar og vedtak frå politiske møter. Han viser til at det som vert formidla på folkemunne kan til tider verta forvrengt på vegen slik at fakta ikkje alltid er formidla sannferdig. I enkeltsaker der interessa er generelt høg vert både kommunen si heimeside og sosiale media nytta. Eit eksempel er saka om nærskulepoeng for elevar i Modalen som skal på vidaregåande skule. Her har FAU stilt spørsmål om kvifor ikkje også Voss er ein nærskule for ungdommane. Saka vart teke opp politisk og ordførar førte dialog med leiinga på fylket. Endringa som kom der både Voss og Bergen no er definert som nærskule er formidla på fleire elektroniske plattformer. I realiteten er det få politiske saker som får like stor merksemd hjå innbyggerane i Modalen. Ordførar føler det er grunnlag for å reflektera over korleis ein held innbyggerane orientert om det politiske arbeidet i kommunen.

Varaordføraren viser til at møteprotokollane vert gjort tilgjengeleg på kommunen sine internettsider. Ho kjenner ikkje til at det er noko klar praksis på korleis innbyggerane skal få informasjon om saker som politikarane handsamar. Av og til vert Facebook nytta som ein kanal, men dette er ikkje noko vanleg rutine legg ho til. Lokalavisene er kanskje den mest vanlege kjelda der innbyggerane vert orientert om kva som skjer politisk i kommunen. Interesserte kan også vera tilhøyrarar på alle møta så lenge saka kan handsamast i det offentlege rom. I regelen er det lite frammøte frå innbyggerane når dei folkevalde handsamar politiske saker opplyser ho vidare. Enkelte innbyggerar har uttrykt ynskje om streaming av politiske møter, utover dette har ikkje varaordførar fått innspel på at folk ynskjer meir innsyn i den politiske sakshandsaminga.

### 6.3 Vurderingar

Revisjonen meiner administrasjonen i Modalen fylgjer dei normale rutinar og prosedyrar blant norske kommunar for å gjera politiske vedtak tilgjengelege for sine innbyggjarar, jf. offentleglova § 3 og § 10. Politiske møter er normalt opne for publikum. Ut over dette verdt politiske vedtak journalført, arkivert og gjort tilgjengeleg via internett på kommunen sine nettsider. Her kan publikum raskt finna fram via heimesida til Modalen kommune. Elles er lokalavisene eit verdifullt supplement for dei som ynskjer å lesa om politiske møter i avisa eller i den elektroniske nettversjonen. Erfaringa er at avisene kan vera meir selektive i kva saker som vert dekt ut frå nyheitsverdien i saka. Med innføring av Kommune-tv vil også strøyming i sanntid eller på førespurnad verta ei real kjelde for informasjon. Dette tilbodet ser førebels ikkje ut til å omfatta møter i andre politiske utval.

Det er viktig å ivareta grupper og enkeltpersonar som kan ha andre føresetnader for å få tilgang til informasjon. Dagens tekniske løysingar kan vera ein hemske for ulike målgrupper. Dette kan t.d. vera eldre personar som ikkje har kunnskap om internett eller personar med nedsett funksjonsevne som ikkje har like god tilgang til informasjon på papir eller standard framstillingsmåte på nettet. Generelt er det viktig at den elektroniske informasjonen er gjort universelt tilgjengeleg med hensiktsmessig tagging og presentert slik at dei kan nytta ulike dataverktøy som er tilpassa brukarane t.d. dokumentlesarar for personar med lese og skrivevanskar og skjermlesarar for personar med synshemming. Revisjonen har ikkje detaljkunnskap om det finst enkeltpersonar eller grupper av innbyggjarar i Modalen som ikkje har tilgang til kommunen sine nettsider i dag. Krav til universell tilgjengelegheit er noko ein likevel bør ha fokus på så langt råd er. Vår vurdering er at Modalen kommune ikkje må gjera andre grep i forhold til å formidla informasjon om det politiske arbeidet til publikum.

### 6.4 Konklusjon

Modalen kommune nyttar i stor grad dei same kanalane som andre kommunar for å formidla informasjon frå det politiske arbeidet. Aviser, kommunen sine nettsider og etter kvart TV sendingar av kommunestyremøte på internett gir innbyggjarane ulike kanalar for å fylgje med i den politiske styringa av kommunen. I tillegg kan alle innbyggjarar delta på dei opne møta og be om saksinformasjon frå kommunen sitt arkiv.

# Vedlegg

1. Spørsmål til spørjeundersøkinga
2. Rådmannen sin høyringsuttale

## Litteraturliste

- Kommuneleva
- Offentleglova
- Kommunal og moderniseringsdepartementet – Internkontroll i kommunesektoren
- Modalen kommune sitt delegasjonsreglement frå 2020 del 1 og del 2
- Reglement for Modalen kommunestyre – vedteke i 2008
- Økonomireglement for Modalen kommune 2021
- Møteprotokollar frå kommunestyret frå sommaren 2019 og ut 2022
- Rapport Oppfølging av handlingsplanar og vedtak - Ulvik herad 2014 – Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

# Vedlegg 1

## Spørsmål til kommunestyret i Modalen

1= Svært liten grad 5= Svært stor grad

**1. I kva grad har du forventningar til at administrasjonen iverkset politiske vedtak når:**

- a. Det er mangel på ressursar i administrasjonen
- b. Det er mangel på kompetanse i administrasjonen
- c. Det er økonomisk usikkerheit i prosjektet
- d. Det oppstår nye alternativ/løysingar undervegs
- e. Det vert gjort vedtak om omdisponering av midlar som påverkar andre tiltak
- f. Det oppstår andre akutte behov

**2. Kjenner du til om det eksisterer politiske vedtak i inneverande valperiode som ikkje er iverksett? JA/NEI**

**a. Dersom ja: Kva sak?**

**b. Har administrasjonen rapportert om dette ? JA/NEI/VEIT IKKJE**

**3. I kva grad er du fornøgd med administrasjonen si iverksetting av tiltak i kommunale handlingsplanar ?**

**4. Kjenner du til avvik knytt til rullering og oppdatering av kommunale handlingsplanar i inneverande valperiode? JA/NEI**

**a. Dersom ja: Kva plan ?**

**b. Korleis har administrasjonen rapportert om dette ?**

**5. I kva grad meiner du at folkevalte har ein prosess med administrasjonen kring prioritering av politiske vedtak i forhold til:**

- a. Rekkjefylgje av iverksetting
- b. Økonomi
- c. Kapasitet
- d. Kompetanse
- e. Konsekvensar

**6. I kva grad er du fornøyd med administrasjonen si gjennomføring av politiske vedtak ?**

**7. I kva grad er du fornøyd med rapportering frå administrasjonen på politiske vedtak ?**

**8. Kor ofte ynskjer du som folkevalt å bli oppdatert på framdrift/status i politiske vedtak ?**

(Du kan velja fleire alternativ)

- a. På kvart formannskap/kommunestyremøte
- b. Når det er noko å rapportere om i saka
- c. Tertial rapportering
- d. Ein gong i året

**9. Korleis ynskjer du at administrasjonen rapporterer status på politiske vedtak ?**

(Du kan velja fleire alternativ)

- a. Ei munnleg orientering om status på vedtak frå rådmann/ordførar i formannskap og kommunestyre
- b. Ein felles statusrapport på alle vedtak gjort i kommunestyret t.d. Årsmeldinga
- c. Ein statusrapport på vedtak inkludert i tertialrapportane
- d. Ein statusoversikt på vedtak gjort tilgjengeleg online på heradet sine websider
- e. Rapportering via ei politisk sak når eit større investeringsprosjekt er slutført

**10. I kva grad er du nøgd med rådmannen si tilbakemelding og oppfølging når politikarane etterspør informasjon knytt til referatsaker og orienteringar?**

**11. I kva grad er du nøgd med møteprotokollen si framstilling av politiske saker ?**

**12. I kva grad dokumenterer møteprotokollen at politikarar har bedt om meir informasjon eller tiltak i samband med enkelte orientering- og referatsaker?**





MODALEN KOMMUNE  
Rådmannen

**Vedlegg 2**

Høyringsuttale – Forvaltningsrevisjon oppfølging av politiske vedtak i Modalen kommune

Viser til tilsendt rapport frå Vestlandsrevisjon IKS v/Arne Gilbakken. Underteikna har ingen kommentarar eller merknader til innhaldet i rapporten. Innspela frå administrasjonen gjennom intervju og dokumentinnsending er innarbeidd i rapporten og teiknar eit bilete av tilhøva revisjonen har undersøkt som ein kjenner seg att i.

Mo 11.08.2023

Jo Tømmerbakke  
Rådmann Modalen kommune